



Helse-og omsorgsdepartementet

0030 OSLO

Vår ref.
09/867-16/K2-F20//BEW

Dykkar ref.

Dato:
17.06.2013

Høyringsuttale frå Stryn kommune - endringar i lov om pasient og brukarrettar - rett til BPA

Helse-og omsorgsdepartementet foreslår endring i lov om pasient og brukarrettar i høve praktiske tenester organisert som brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Endringa inneber ein rett til å kunne få praktisk bistand og opplæring etter helse – og omsorgstenestelova § 3.2. anna ledd pkt.6 bokstav b organisert som brukarstyrt personleg assistanse Heimelen vert plassert som ny § 2-1 d i lov om pasient- og brukarrettar.

Høyringsuttale:

- ◆ Høyringsnotatet er utydeleg på kva som er meint med praktisk bistand. I rundskriv om vederlag omfattar ikkje slik teneste personleg hjelp og eigenomsorg, men det er vel ikkje meininga med slik avgrensing her ?
Det varierer i kva grad personleg hjelp vert definert som helsehjelp eller praktisk hjelp.
Det er også utydeleg i kva grad omgrepet praktisk bistand omfattar hjelp for deltaking utanfor heimen.
- ◆ Helsehjelp som ikkje krev særskilt helsefagleg kompetanse og som det er vurdert som forsvarleg å yte gjennom BPA-ordninga, bør kunne vere omfatta av denne organiseringa.
- ◆ Med den føresetnaden at lovendringa ikkje skal medføre auka kostander for kommunane, er avgrensinga i kva type tenester som inngår i BPA-organiseringa ok. Dvs. at det då er opp til kommunane å avgjere utan at det er ein rett for brukar. T.d. vil støttekontakt som regel verte dyrare ved BPA-organisering. På den andre sida synest det ulogisk at ikkje støttekontakt som nettopp gjeld bistand til sosiale aktivitetar ikkje skal inngå.
- ◆ Det er rimeleg at det er storforbrukarar av tenester som får ein rett til BPA-organisering. Departementet sine utgreiingar som syner at grensesnittet for

Postadresse/besøksadresse:
Tonninggata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband

Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

kostnadsnøytrale tenester ligg mellom 25 -32 timar , gjer det rimeleg at grensa ligg her med føresetnad om at ordninga ikkje skal koste meir enn tenesteytinga i dag.

- ◆ Omgjering av eksisterande tenester til BPA-organisering vil påføre kommunen ekstra administrative utfordringar og kostnader. I mindre kommunar vil det vere utfordring å omplassere eksisterande arbeidskraft i organisasjonen.
- ◆ Retten til BPA bør gjelde brukarar med stort bistandsbehov og evne til å vere arbeidsleiar (evt. ved hjelp av pårørande)
Erfaringa er utfordringar knytt til langsiktig planlegging opp mot stadige ynskje om endra tidspunkt for bistand både gjennom døgnnet og veka, noko som kan medføre krevjande arbeidstilhøve for BPA-assistentane. Dette gjeld kanskje særleg når det samla tenestebehovet er relativt lite.
- ◆ Fleire brukarar med tenestene organisert som BPA og kommunen som arbeidsgjevar, vil påføre kommunen ekstra kostnader m.o.t. turnusarbeid, organisering, kvalitetsarbeid, arbeidstidsoppfølging m.m.
- ◆ Når kommune er arbeidsgjevar , vert det stadig utfordringar/ problem knytt til føreseieleg arbeidstid og arbeidstid i medhald av arbeidsmiljølova m.m. for dei tilsette samstundes som brukaren sine ynskjer/behov skal ivaretakast.
- ◆ Dersom brukaren vel andre enn kommunen som arbeidsgjevar, er det tidkrevjande prosessar dersom kommune skal følgje regelverket for offentlege anbod for slike kjøp av teneste.
Erfaringa er dessutan at ekstern arbeidsgjevar vert ekstra kostbart.
- ◆ Systemet medr overprøving av fylkesmannen ved avslag på ordninga dersom timetalet er mellom 25-32 timar, - synest uklårt. Kvar går grensene for å vesentleg meirkostnad ? Vil ikkje slik overprøving medføre unødig byråkrati ? Det må vere betre å setje grensa anten ved 25 eller 32 timar.

Denne uttalen er vedteken av helse-og sosialutvalet i sak HS-050/13 den 18.06.13

Med helsing

Stryn kommune